Vedlegg til SU-sak 44/10-11

Oppgåvedøme for heimeeksamen i JUS134: Rettshistorie og komparativ rett

1. Plasser lovgjeving i den rettskulturelle modellen, og forklar kvifor lovgjeving er viktig i ein rettskultur. Kva rolle har teknologi spelt og spelar for at ein i Europa har ein viss grad av rettsleg fellesskap?

2. Kva rolle har lovgjeving spelt i historia til den norske rettskulturen?

3. Bruk England, Tyskland og Frankrike som døme på kva rolle lovgjeving har spelt i ein europeisk rettskulturell kontekst.

4. Rettskultur i eit Europa i endring

Innleiande merkandar

I 1999 valte EU-kommisjonen å gå til sak mot Sverige fordi delar av eit direktiv ikkje vart inkorporert gjennom lovvedtak, men i staden plassert i forarbeida til lova. Sverige meinte at i ein svensk tradisjon var dette jamngodt med lovvedtak, og både Danmark og Finland intervenerte på svensk side fordi dei meinte det var viktig å få aksept for denne lovgjevingsteknikken der samspelet mellom lov og forarbeid er viktig. EU-kommisjonen derimot var ikkje framande for at dette var svensk, og kanskje nordisk tradisjon, men hevda at ein slik framgangsmåte likevel ville svekka rettstryggleiken for dei som kom utanfrå og sette seg inn i rettsområdet gjennom svensk lovgjeving. Rettskultur var ein term som ikkje vart brukt av nokon av partane.

Oppgåve

Skriv ei forklaring på kvifor dommen kan forståast som eit uttrykk for at europeisk rettsleg integrasjon har gjort rettskultur til eit stadig meir aktuelt tema i Europa i dag.

Oppgåvene kan svarast på i den rekkefølgje eller med den oppdeling ein finn mest tenleg.

Oppgåvekommentar

Det fyrst som er verdt å merka seg med oppgåva er at dei tre fyrste delane er påfallande lik dei oppgåvene som er gjevne på skuleeksamen i JUS134 dei siste åra. (Men då med unnatak av andre delen av fyrste oppgåva: Kva rolle har teknologi spelt og spelar for at ein i Europa har ein viss grad av rettsleg fellesskap?) Dette er medvite gjort. På den eine sida er fordelen med ein heimeeksamen at ein kan gje vide oppgåver der eksamenskandidatane vel korleis dei vil løysa dei og kva dei vil leggja vekt på. På den andre sida er jusstudentar ikkje van med denne oppgåveforma enno. Eg føreslår difor at ein dei fyrste åra vel å leggja oppgåvene strukturelt ganske tett opp til tidlegare oppgåver for å ikkje skapa utryggleik. Etter kvart som eksamensforma vert innarbeidd i kurset kan det vera ei føremon å gje opnare og opnare oppgåver.

Sjølv om dei tre fyrste oppgåvene er ganske like dei som er alt gjevne, vil det ikkje seia at dei ikkje er eigna for ei eksamensform med langt meir tid til rådevelde. Årsaka er at ein med bruk av meir tid til å reflektera og skriva betre kan henta og visa fram meir rein kunnskap, og dermed sjå fleire intrikate samanhengar, og resonnera enno vidare. Slik sett vil både svake og sterke eksamenskandidatar profittera på omlegginga.

Den siste oppgåva er ny, og kan bare gjevast til ein heimeeksamen. Dommen frå EU-domstolen er ikkje lang, og er heller ikkje skrive på eit vanskeleg engelsk. Utfordringa ligg i å applisera kunnskapen ein har i faget i høve til den dagsaktuelle rettslege situasjonen i Europa i dag. Alle studentar vil kunna skriva noko, men oppgåva vil verkeleg kunna skilja gode og mindre gode kandidatar.

Eg ser ikkje bort frå at den som tek eksamen godt førebudd kan svara på denne oppgåva i løpet av 2 dagar og få C. Nokre svært gode kandidatar kan til og med skriva til ein svar B i løpet av denne tidsperioden. Eg ser ikkje på det som eit problem. Eg ser det heller som ein ressurs at det vert gjeve så gode tidsrammer at dei som vil arbeida hardt kan skriva seg opp ein karakter i høve til det dei elles ville ha fått på eksamen. Gode tidsrammer vil likevel ikkje favorisera dei som ikkje er førebudd – det tek langt lengre tid enn eit døgn eller to for å forstå hovudlitteraturen i JUS134.

Samla sett meiner eg oppgåva vil betre skilje mellom dei med oversikt og dei med innsikt i faget.